



Det humanistiske fakultet

Referanse

2010/4605-ARUT

Dato

14.06.2010

Budsjett 2011 - innspel frå Institutt for framandspråk

Vi viser til brevet frå fakultetet 26. april i år om "Budsjettforslag 2011 – innspill fra institutter og sentre – frist 15. juni 2010". Saka har vore lagt fram til drøfting i rådet ved Institutt for framandspråk (IF). På møtet 15. juni i år slutta rådet seg til hovudtrekka i brevet nedanfor.

1. Samandrag

IF har som mål å gje støtte til både individuell forskning og til samarbeidsprosjekt. Som ein generell kommentar vil instituttleiinga seie seg stort sett nøgd med forskingsaktiviteten siste året, medrekna arbeidet i forskargruppene. Det er tilfredsstillande at det samla talet på publiseringspoeng for tilsette ved IF auka med heile 77% frå 2008 til 2009 (frå 54.2 poeng til 95,9 poeng). Men vi merkar at den dramatiske budsjettreduksjonen i 2009 og 2010 no byrjar slå negativt ut for alle typar forskingsverksemd. Særleg ille er det at det vert nesten umogleg å setje av tilstrekkelege midlar til fagleg-strategiske satsingar. Instituttet har stor manko på ressursar til undervisning, og det vert ei hovudutfordring framover å skjerme forskningstida slik budsjettsituasjonen er. Ei anna stor utfordring vert å halde oppe ordninga med forskningsterminar på noverande nivå. IF har potensial for betring når det gjeld å skaffe eksterne midlar til forskingsverksemda, men situasjonen har betra seg dei siste par åra. Her er det nødvendig med eit meir systematisk og langsiktig samarbeid mellom institutt, fakultet og UiB si forskingsavdeling. IF prioriterer samarbeid med andre forskingsinstitusjonar. Vi minner i denne samanhengen om at mykje av den forskinga som vert gjort ved instituttet, er individbasert og at ho ofte kjem som følgje av initiativ og kontakt mellom enkeltforskarar ved IF og andre forskingsinstitusjonar, i Noreg og internasjonalt, utan tilknyting til formelle avtalar

2. Prioriteringar innanfor ramma

A. Ny budsjettmodell: Instituttet er spent på den nye budsjettmodellen som er varsla. Det er positivt at fakultetet har gripe fatt i det omfattande og krevjande arbeidet med å forma ut ein ny modell for fordelinga mellom fag og institutt. Samstundes er det svært viktig at institutta, slik det òg er skissert frå fakultetsleiinga, får koma med innspel og synspunkt i saka.

Det er fleire hovudkomponentar i den nye modellen, og vi vil kort trekkja inn to av desse her: *fordelinga av vitskaplege stillingsressursar og resultatbaserte driftsbudsjett til institutta*. Dei vitskaplege stillingsressursane er den klart største budsjettposten og sjølv nøkkelen i fagprioriteringa ved

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjend elektronisk i ePhorte

Institutt for framandspråk
Telefon
Telefaks 55584260

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
HF-bygget, Sydneplassen
7
Bergen

Sakshandsamar
Arve Kjell Uthaug
55582281

fakultetet. Prioriteringa av kva fag som skal få stillingar, vil uansett i siste instans vera ei politisk vurdering som fakultetsstyret må gjera. Dette kan ikkje styrast mekanisk gjennom ein budsjettmodell, men fakultetsstyret kan derimot søkja råd i ein slik modell. I så fall er det viktig at variablane som blir lagde inn i denne modellen, ikkje er for kortsiktige, og det må dessutan leggjast vekt på meir enn det som kan teljast og setjast opp i tabellar.

Når det gjeld instituttbudsjettet, legg den skisserte modellen opp til at dette heretter skal vera heilt resultatbasert, men det skal leggjast til grunn resultat frå ulike område (studiepoeng, doktorgradar, studentutveksling o.a.). Dette verkar fornuftig, og det vil gjera tildelingane meir oversiktlege og forståelege. I rekneeksempla som er lagde fram, kjem IF betre ut enn ved dagens tildelingsmodell. Det er vi sjølvsagt glade for, og det speglar vel at instituttet i dag kjem dårleg ut. Vi minner om at instituttet har varsla eit monaleg reelt underskot ved utgangen av 2010, dvs eit monaleg underskot når øyremerkte midlar er haldne utanfor. Kva for resultatvariablar som skal brukast, og vektinga av dei einskilde variablane kan sjølvsagt diskuterast. Men vi meiner den skisserte modellen til instituttbudsjett peikar i rett lei.

B. Stillingar: Vi viser til fråsegna frå instituttet i høyringa om fagdimensjonering (10/3521). I framstillinga nedanfor er det ikkje rom for anna enn ei summarisk oppstilling av stillingsbehov, men fråsegna om fagdimensjonering gjev ei meir utfyllande framstilling.

Engelsk har p.g.a. avgangar, permisjonar o.a. både behov for å lysa ut fast stilling og trong for kortsiktige vikarordningar på språkdisiplinen. Allereie til starten av vårsemesteret 2011 må det vera på plass skikkelege vikarordningar for at situasjonen skal vera handterleg. *Japansk* står ved eit vegskilje, slik fagdimensjoneringskomiteen ved fakultetet har peikt på: anten må faget byggjast ut og tilpassast NOKUT-krava, eller så vil det vera vanskeleg å føra vidare faget ved UiB. Som vi har argumentert for i høyringa om fagdimensjonering, vil det vera svært lite framtidsretta å leggja ned dette viktige vekstfaget. Instituttet arbeider òg med å få til eit konkret samarbeid med NHH om japansk. Den mellomelse stillinga på japansk bør derfor gjerast fast, og faget bør dei komande åra få meir enn ei stilling (sjå 3 nedanfor). *Russisk* er eit dynamisk fag som har bygd opp forskingsaktivitet kring eksterntfinansierte prosjekt, samstundes som eit godt undervisningstilbod krev omfattande innsats på grunnivået. Faget har satsa på eit nytt og intensivt innføringsopplegg. Dette får vi ikkje til utan stillingsressursar. Skal faget føra vidare den positive satsinga innan både forskning og undervisning, bør russisk få tilsetja i den utlyste professorstillinga og samstundes få tilsett i stillinga etter Altermark. *Spansk* hadde for nokre år sidan tre stillingar på litteraturdisiplinen, men står no med berre éi stilling (og ingen førstestillingar) i disiplinen. Det bør lysast ut stilling med tilsetjingsdato seinast 1. januar 2012. Her viser vi til breva som er sendt fakultetet om denne saka tidlegare (9/12991).

Elles vil vi peika på utfordringane fleire av faga våre har innanfor *fagdidaktikk*: engelsk har eit omfattande tilbod og treng nyrekruttering, på fransk går fagdidaktikaren av for aldersgrensa seinast våren 2012. På spansk er behovet endå meir akutt, dette faget manglar ei løysing for undervisninga i fagdidaktikk frå 1. januar 2011. Her viser vi til drøftinga av fagdidaktikk i høyringsfråsegna frå IF om fagdimensjonering. Vi kan ikkje verna om dagens undervisningstilbod i fagdidaktikk dersom vi eit fag misser stillinga i fagdidaktikk.

Generelt vil vi peika på at kombinasjonen av stillingskutt og reduserte timemidlar gjer vakanseperiodane krevjande, særleg for små fag. Derfor er det viktig at stillingar ikkje står ledige lenger enn naudsynt i dei tilfella der det er avgjort at det skal tilsetjast i stillinga.

Elles minner vi om at det på undervisningsintensive språkfag kan vera fornuftig å bruka fast tilsette universitetslektor i noko større grad enn no, sjølv om hovudregelen må vera stillingar med ordinær forskingsdel.

C. Eksterntfinansierte prosjekt: Instituttet og forskarane ved instituttet arbeider aktivt med å søkja om eksterntfinansierte prosjekt. I tillegg til andre NFR-søknader, arbeider to av forskarane våre med søknader om å få etablere Senter for framifrå forskning (SFF). Ein IF-forskar har sendt inn søknad om

eit større EU-prosjekt, og instituttet har kome vidare til andre runde med ein søknad om eit rekrutteringsprosjekt frå Bergens forskningsstiftelse. Sjå elles punkt 4 nedanfor.

D. Utdanningsporteføljen: Fakultetet bed institutta vurdere utdanningsporteføljen med sikte på å tilpassa ressursbruken til ramma av faste stillingar, "herunder bredden i undervisningstilbudet, omfanget av eksamensordninger og studentavhengige undervisningsformer". Etter vår meining har ikkje IF for stor breidde i undervisningstilbudet, snarare skulle vi hatt ein meir variert meny av emne å by studentane. Derimot har instituttet effektivisert gjennom å kutta ut dobbeltkøyringa av emne i vår- og haustsemesteret. Frå og med 2011 er det ingen emne ved IF som går i meir enn eitt av semestra. Omfanget av eksamensordningar bør vurderast kontinuerleg. Dersom sensurarbeidet vert for omfattande, reduserer dette kapasiteten faga sit igjen med til ulike former for undervisning. Samstundes vil den pedagogiske sida ved prøvinga lida dersom vi sanerer bort alle mapper og munnlegprøvingar, som jo kostar meir arbeidstid enn standard skuleeksamen.

3. Prioriteringar utanfor ramma

Her vil vi nemna tre tiltak, i prioritert rekkjefølgje:

Førsteprioritet er utbygging av japansk. I tråd med framlegget frå fagdimensjoneringskomiteen meiner vi japansk bør byggjast ut. I tillegg til at den noverande mellombelse stillinga vert gjort fast, må stillingsressursen på faget utvidast. Dette er òg i tråd med det fakultetsleiinga i fleire samanhengar har framheva om at alle fag ved fakultetet bør ha ein minimumsressurs. Dels trur vi ei slik utbygging kan skje i samarbeid med NHH, men dels må òg universitetet i Bergen yta meir midlar til satsinga på japansk. Her vil vi òg minna om at satsinga på kinesisk er fagleg forankra i japanskfaget ved UiB. Heile den språklege austasiasatsinga ved UiB kviler derfor på at japanskfaget vert halde oppe og styrkt.

Andreprioritet er oppstart av TOMT (Tolking, omsetjing og terminologi). Dette tilbodet er masterpåbygginga av den tverrinstitusjonelle bachelorgraden Språk og interkulturell kommunikasjon (SPIK), og påbygginga er allereie utsett eit år på grunn av manglande ressursar.

Tredjeprioritet er ei stipendiatstilling som del av UiBs eigenfinansiering av *Modernism and Christianity*. Dersom dette prosjektet får støtte i andre og avgjerande søknadsrunde i BFS, må UiB stilla to stipendiatstillingar som eigenfinansiering. IF kan, om det trengst, øyremerka to av stipendiatstillingane ved instituttet til dette prosjektet. Dette vil binda opp ein etter måten stor del av ledige stipend ved instituttet i 2011, og det vil derfor vera ein føremon om UiB sentralt kan stilla det eine stipendet som trengst på BFS-prosjektet.

Elles minner vi om smådriftsmidlane, som er svært verdfulle for forskingsaktiviteten ved IF. Dette er ikkje spesifikt for vårt institutt, og vi har derfor ikkje teke smådriftsmidlane med i prioriteringslista ovanfor. Men det må strekast under at desse midlane har stor verdi for forskinga, og at universitetet bør setja av smådriftsmidlar til institutta sjølv om NFR skulle trekkja seg ut av ordninga.

4. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Det er vanskeleg å gje ein prognose over forventa eksterne inntekter for 2011. Eit slikt oversyn vil bli mangelfullt, m.a. fordi det er fleire søknader vi pr i dag ikkje kjenner utfallet av. Dette er eit oversyn så langt vi pr i dag har oversyn

Forskringsrådet (NFR): (kjem seinare)

Bergens forskningsstiftelse (BFS): (kjem seinare)

EU/felleseuropeiske samarbeid: (kjem seinare)

Andre: (kjem seinare)

5. Mindre ombyggingstiltak

Instituttet ønskjer å gjera om den tidlegare boksamlinga på rom 302 i HF-bygget til eit felleskontor med plass til fleire brukarar. Dette sto øvst på lista vår over ønskje ombyggingar òg i fjor (sjå 9/8532 og 9/9540). No står dette store og gode rommet unytta på andre året. Instituttet har tenkt på ulike alternativ for bruken av rommet. Eitt av alternativa er å bruka rommet som skrivestove for forskingsaktive emeriti ved instituttet. Det kan lett lagast til seks-sju arbeidsplassar på 302, og ei slik skrivestove vil vera eit godt seniorpolitisk tiltak. Instituttet vil kunna trekkja vekslar på erfarne forskarar med høg kompetanse og interesse av å halda fram forskingsaktiviteten sin.

6. Evaluering

Ingen av faga ved IF har vore gjennom større nasjonale eller internasjonale evalueringar dei siste åra.

Leiv Egil Breivik
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug
administrasjonssjef